



To generasjonar framfor langloftet på Sygard Grytting: Frå v. Halvor, Hilde og Stig

MODERNE "KÅMÅR" I LANGLOFT FRÅ HØGMIDDELALDEREN

Det norrøne ordet kamarr – som i enkelte dialekter ennå finst som kāmår i tydinga do, eit kammer å gøyme seg i for personlege ærend – har fått ny aktualitet i langloftet på Sygard Grytting i Sør-Fron.

TEKST OG FOTO:
MATHIAS ØVSTENG

LANGLOFET på Olavsrosetaden Sygard Grytting er frå før svartedauden, og dermed høgmiddelalderhus så det held. Det er nemnt som "svevnstove" i eit arveskifte frå 1343, og bygningen er helst eit resultat av Håkon 5. Magnussons befaling i 1302 om at det skulle oppførast gjestgiveri med faste mellomrom langs viktige ferdselsårer. Si nåverande form fekk bygningen i 1780, da husa på garden vart flytta høgare opp på eiegenomen. Denne hustypen hadde to høgder og eitt eller fleire rom i kvar høgde utan dør imellom, bår med inngang frå ei langsval. Det er uvanleg brei dokumentasjon rundt langloftet på Sygard Grytting – bl.a. av historikaren Gerhard Schøning, som omtala huset i 1770-åra.

HUSET ER I DAG brukt som herberge

langs pilgrimsvegen mot Nidaros. Det er eit spesielt hus for pilegrimen, sia dette er den einaste profane bygningen frå katolsk tid langs vejen mot Nidaros, og den har tradisjon som herberge ("kloster"). Det er også det største bevarte loftet frå mellomalderen her til lands. Behovet for at også pilegrimar – ja, kanskje nettopp dei – skulle få ein usjenert stad å vaske og stelle seg, vart fort tydeleg. Økonomisk sett utgjør pilgrimsdelen ein liten del av produktet på garden, men vertskapet er opptatt av at dei pilegrimane som bruker herberget, også skal vera nøgde når dei vandrar vidare. Hilde N. Grytting og Stig S. Grytting fortel at dei etter ein tiårs tankeprosess og kontakt med ymse fagfolk på området kom i god dialog med Riksantikvaren og fekk godkjent to dusjar og



1. Varmvasstanken tar ikkje store plassen
2. Detalj frå dusjrommet
3. Stig S. Grytting ved vaskeservanten i kleber
4. Handsmidde knaggar og tilpassa former i garderoberommet
5. Inngangen til kãmår'n
6. Labankdøra inn til kãmår'n



VARMVASSTANKEN? Kvar i all verda er den plassert på eit så lite areal? Stig kan avsløre at akkurat denne delen av arbeidet skapte mykje tankebry. Å plassere ein stor tank i dette miljøet var utenkjeleg – og umogleg. Ein varmvassstank måtte plasserast utafør langloftet – kanskje under jorda, med dei utfordringane dette fører med seg når det gjeld framføring og isolasjon. Løysinga vart to små gjennomstrømstankar som har god plass inne i eit teknisk skap i inngangen. Det heile verkar bortimot genialt: Kaldvatn blir oppvarma med tilførsel av heile 14 kW i løpet av dei sekunda vatnet renn gjennom boksen, med ein flottør som regulerer det heile. Desse dusjane blir brukte berre sommarstid, når strømeenergi behovet elles på garden er lite. Dermed kan ”energibomba” i gjennomstrømstanken fungere utan ekstra kursar i det elektriske anlegget. I og med at vassoppvarminga skjer der og da når pilegrimar er innom, verkar det også faktisk energiøkonomiserande.

DEN MODERNE og reversible ”kãmår'n” i langloftet på Sygard Grytting representerer ein kostnad på rundt 400 000 kroner – irekna stor eigeninnsats. Stig har sjølv utført det meste av konstruksjon og arbeid utanom røyrlegging og elektrisk opplegg, og har fått noko økonomisk støtte av dei såkalla DAMidlane undervegs. Direkte tilskot av kulturvernmidlar har han ikkje fått til dette arbeidet.

Slik går det altså an å få til ein tidhøveleg fasilitet som er tilpassa bruksbehovet i eit freda – og uvanleg gammalt – hus. Når arbeidet blir utført på denne måten, er det heller ikkje eit øydeleggjande inngrep, men eit bidrag til aktivt vern av kulturarven.

to doar i den eine enden av langsvala. Langloftet er i kraft av sin alder underlagt det strengaste regimet på nasjonalt plan for freda bygningar, og det heile måtte uførast etter heilt bestemte reglar.

- DET ER INGEN AUTOMATIKK i at slike gamle og freda bygningar skal eller må ha moderne fasilitetar av dette slaget, seier Stig S. Grytting. - Kvart hus må vurderast som enkelttilfelle ut frå bruksbehovet. Det var viktig for oss at denne delen av produktet vårt også kunne vera til glede for gjester, og heile prosjektet byggjer på bestemte føresetnader: Det er dokumentert at nærleik mellom svevnstove og datidas sanitærrom – kamarr – var vektlagt også i middelalderen. Dei lange tradisjonlinene er med andre ord på plass. Utfordringa låg i å tilpasse dette til dagens funksjonskrav utan å gjera øydeleggjande inngrep i den freda bygningen.

PLASSERINGA i den eine enden av langsvala er utafør sjølve kjerna i middelalderhuset, og utgjer i dag ei god visuell avslutning på svalgangen. Heile arealet er på 7,25 m², og rommar inngang med garderobeplass og to dusjrom med kvart

sitt toalett. Byggherren avslører at det har vore mang ei runde med millimeterrekning og byggtekniske vurderingar for å sikre ei god teknisk løysing i møte med fredingsreglar og lite areal. At han sjølv også er sivilingeniør i byggfag, har vel ikkje akkurat vore nokor ulempe, vil vi tru...

STIG S. GRYTTING fortel at ein underliggjande regel for arbeidet var å gjera det heile reversibelt utan nemneverdige spor – om det ein gong skulle bli aktuelt. Konstruksjonen måtte tilfredsstillende bestemte krav til utsjånad, vekt og fuktsperring. Kort sagt er det brukt enkelt utforma og handhøvla materialar i vegg og tak, med gjennomsiktig glasplate som fuktstoppar i dusjen. Mellom glas- og trevegg er det lufting, og skiljeveggen mellom dusjromma er utpønska på finurleg vis for å spare inn millimeter når det gjeld tjukkkleiken. Golvet er ein sjølvberande konstruksjon som er montert med feste i veggene oppå det gamle – også dette kan forholdsvis enkelt fjernast. Vasken er i kleber – med ei utforming som skaper assosiasjon til mellomalderse døypfontar.